

Pressemelding, 21. juli 2009
Hovudopptaket til høgare grunnutdanning

4251 fleire tilbod i hovudopptaket, 7 % auke frå i fjor

Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket 2009 ut 66 151 tilbod. Dette er 4 251 fleire tilbod enn i 2008, ei auke på nesten 7 prosent. Av dei kvalifiserte søkjarane har 88 % fått tilbod om studieplass, ein nedgang på tre prosentpoeng frå i fjor. Denne nedgangen skuldast den store auken i årets søkjartal.

Det totale søkjartalet til no er 104 238. Etter hovudopptaket 2008 var talet 94 032.

Av dei 86 506 reelle søkjarane – dvs. dei som har sendt inn naudsynt dokumentasjon – er 75 065 kvalifisert for minst eitt studium.

Av dei som får tilbod om studieplass, får 43 155 (65 %) tilbod på sitt høgast prioriterte studieønske. Dette er berre eitt prosentpoengs nedgang frå i fjor.

8 914 kvalifiserte søkjarar står utan studieplass etter hovudopptaket. I fjor var talet 6 321. Denne auken skuldast òg dei høge søkertala.

Kvalifiserte søkjarar som enno ikkje har fått tilbod kan stå på venteliste til studium dei har søkt, men kan òg velje blant studium på Restetorget. I 2008 blei det gitt nesten 3 200 nye tilbod i suppleringsopptaket 29. juli.

Restetorget

Da Restetorget opna 20. juli kl. 09.00 var det ledige studieplassar ved 471 ulike studium fordelt på 30 lærestader.

Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje studieplassar via Restetorget, uavhengig om dei har søkt tidlegare i år. Ledige studieplassar blir annonserte på www.samordnaopptak.no/info/soeking_opptak/restetorget/, på NRK1 tekst-tv side 418 og på SMS. Send REST til 1933 for nærare informasjon om korleis du leiter fram ledige plassar.

Svar på tilbod i hovudopptaket

Søkjarar som har fått tilbod om studieplass eller står på venteliste, har frist til 26. juli med å svare. Alle må svare via internett – www.samordnaopptak.no

Nærare opplysningar om søkjing til høgare utdanning får du ved lærestadene for høgare utdanning eller Samordna opptak (tlf. 22 84 18 11 / 22 84 18 04, www.samordnaopptak.no.)